



Onsdag kveld frå klokka 19 bør så mange som mogleg møta til utvask-dugnad i Aktivitetshuset. Styret skriv slik:

'Styret i Uskedal Aktivitetshus ønskjer å invitera til utvask-dugnad i det nye garderobane/dusjane/gangane i hallen på onsdag 22. april frå kl.19.00.

Vi har no fått ein del av utstyret til trimrommet, men før vi kan setje dette opp og ta det i bruk, så må vi vaska ut etter byggeperioden. Dette håpar vi at DU vil vera med på, slik at det nye trimtilbodet i Uskedalen kan takast i bruk snarast mogleg.

Ta med bøtte og kost og still opp!

Vi vil i tillegg nemna at det ligg ein del vertøy og anna att etter arbeidet med den nye delen, så dei som eventuelt saknar noko kan ta kontakt med ein av oss i styret'.